
Vår referanse 2021/26974-2
Dato 20.07.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad - vegtilkomst til ny garasje - gnr 176 bnr 22 - Spurkeland - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjons-
søknad, datert 05.07.2021. Søknaden gjeld etablering av ny vegtilkomst til ny garasje på eigedom
gnr 176 bnr 22.

Saksgang

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og
bygningslova. § 19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindås
er definert som LNF-føremål. Garasje ligg i LNF-spreidd føremål og det er tillat på bygd eigedom i
LNF-område utan dispensasjon jf. pkt 3.4.7 tabell 6.1A i KDP.

Uttale

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremål for å opprette ein ny vegtilkomst til ein ny garasje på
eigedomen. Det vert ei tilkopling på eksisterande privatveg for bustad. Næraste offentlege veg for
eigedomen og tiltaket er fylkesveg 5472 Seimsstranda. Den nye vegtilkomsten vil ikkje medføre
auka bruk av avkøyrsla til fylkesvegen.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, har ingen merknadar til om det vert
gjeve dispensasjon for ny vegtilkomst på eigedomen.

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift